



Sjekkliste før endeleg godkjenning i eStil PT - søknadsåret 2023

I samband med oppfølging av kommunane og kontroll brukar vi å gå gjennom avviksrapportar og sjå nærare på kommunane sine vedtak og sakshandsaminga i fagsystemet eStil PT. Vi ser nokre feil og svakheiter som kan unngåast dersom sakshandsamar går gjennom søknadene med utgangspunkt i denne sjekklista.

1. Vedtak blir fatta i tidsrommet 19. januar til 4. februar 2024

I tidsrommet 19. januar til 4. februar skal kommunen fatte vedtak ved endeleg godkjenning. Ein endeleg godkjent søknad speglar kommunen sitt endelege vedtak. Søknader som ikkje er endeleg godkjent innan 5. februar vil ikkje bli med i hovudutbetalinga. Kommunen kan endre ordlyd i grunngjevingar og avviksforklaringar og endre/ leggje til avkortingar i perioden 19. januar til 4. februar. Her finn du oversikt over viktige datoar [2. Viktige datoer - Landbruksdirektoratet](#)

Vedtak ved endeleg godkjenning skal gjerast av ein annan enn den som har handsama søknaden, og av ein tilsett med budsjett disponeringsmynde. For å kunne få tildelt denne rolla, må kommunen stadfeste dette til brukaradministratør hos Statsforvaltaren, jf. rundskriv 2023-44 kap [7. Vedtak og utbetalinger -](#)

2. Sjekkliste før endeleg godkjenning

Er grunnvilkåret om vanleg produksjon følgt opp?

- Vanleg jordbruksproduksjon er eit grunnvilkår. Varselmeldingar som kjem opp under sakshandsaminga av søknadane i eStil PT må vurderast og dokumenterast inne i systemet.
- Har kommunen gått gjennom rapportar om vanleg jordbruksproduksjon (*sau, mjølkeku og mjølkegeit, frukt, bær og potet*) og vurdert føretak som merkar seg ut med låg produksjon? Vi viser til notata Statsforvaltaren har utarbeidd, til hjelp i sakshandsaminga.
- Oppfyller ikkje produksjonen krava til vanleg jordbruksproduksjon skal det gjevast avslag. Dei omsøkte tala for den aktuelle produksjonen skal då setjast i 0. Vedtaket må grunngjevast under «*Begrunnelse*» i eStil PT.

Er varselmeldingar følgt opp?

Sakshandsamar skal skrive ei vurdering av alle varselmeldingar i eStil PT, jf rundskriv 2023/44 [3. Saksbehandlingssystemet og maskinelle kontroller](#). Vurderinga skal skrivast i seksjon «*Behandling*», i feltet «*Kommentarfelt for saksbehandler (viser ikkje i vedtaksbrevet)*» eller i feltet «*Begrunnelse (viser i vedtaksbrevet)*».

Det er laga ein ny søkefunksjon som gjer det enkelt å finne varselmeldingar som ikkje er vurdert: Under søknader – *Avansert søk - Utvid avansert søk*, i feltet «*Kontrollmeldinger*», skriv inn 170. Trykk på «*Søk*» knappen og få opp liste over søknader der det manglar vurdering.



Kontrollmeldinger

170 Etterkontroll av kontrollmeldinger; om saksbehandler har begrunnet varsler(feilmeldinger) i intern kommentar eller begrunnelse

Ta ut avviksrapport

Etter at kommunen har handsama ferdig alle søknadene og gjeve dei status «foreløpig godkjent», «avvist» eller «avslått», tilrår vi at sakshandsamar tar ut *Avviksrapport* for å få ei oversikt over grunngevingar, avkortingar mm. Rapporten finn du under «Rapporter» i menylinja inn i eStil PT. Forklaring til avviksrapporten finn du [Avviksrapport \(landbruksdirektoratet.no\)](https://landbruksdirektoratet.no).

Er det skrive gode grunngevingar?

- Hugs at det er søkjarane du skriv til og skriv slik at dei skal forstå forklaringa/vedtaka.
- Vedtak må grunnjevast for å vere fullstendige og gyldige. Hugs difor god grunngeving av vedtaka og bruk nok tekst.
- Legg inn gode grunngevingar i «snakkebobla» når det er skilnad mellom omsøkt verdi og godkjent verdi. Grunngevinga vil kome fram i vedtaksbrevet som fotnotar under tabellane, dei skal vere forklarande for søkjar.
- Kommunen må syte for at eventuell dokumentasjon for vedtaka er innhenta og ligg ved eller er vist til i eStil PT.
- Om søkjar har lagt inn kommentarar i «Kommentar/dialog» seksjonen i søknaden som har innverknad på vedtaket, må kommunen vise til det i si grunngeving.

Er det vurdert avkorting?

Når kommunen si godkjenning gjev lågare tilskotsutbetaling enn det omsøkte verdiar ville gjort, skal avkorting alltid vurderast. Grunngevingane må også vere forklarande for søkjar.

- Vurdering av avkorting skal vere skriftleg, uavhengig av utfall. Til dømes er ikkje «*Retta i samsvar med kart*», «*Endra i samsvar med AR5*» gode grunngevingar. Det må kome fram i grunngevinga kvifor kommunen har gjort endringar. Sjå vedlegg for eksempel.
- Utgangspunktet er at det skal avkortast når søkjar minst har vore aktlaus når han/ ho har gjeve feilopplysningar
- Vurderingane skal gjerast i seksjon «*avkortinger*». Når det vert avkorta må det grunnjevast at vilkåra for avkorting er oppfylt Rundskriv 2023/30 [§ 12. Avkorting ved feilopplysninger og fristoversittelse -](#)
- Hugs at å skrive «*Ingen/ikkje avkorting*» ikkje er ei vurdering. Det må kome fram kvifor det ikkje er avkorta.
- Er det avkorta når føretaket oppgjev at det ikkje har gjødslingsplan og/ eller journal over plantevernmiddel, men ikkje er unnatake kravet om å ha gjødslingsplan/ plantevernmiddeljournal?

Lukke til!



Vedlegg

Hugseliste for vurdering og grunngjeving for vedtak ved avslag:

- Grunngjeving som søkjar forstår, treng ikkje vere lang
- Dette bør med i grunngjeving i eit vedtak:
 - Vise til regelverket (f.eks. grunnvilkår)
 - Oppsummering av fakta
 - Vurdering av fakta mot regelverket
 - Konklusjon
 - Bruk «*Forhåndsvis vedtaksbrev*» for å sjå korleis det ser ut for søkjar

Eksempel på grunngjeingar

Grunngjeving vedtak avslag:

Det er eit grunnvilkår for å motta produksjons og avløysartilskot at føretaket driv "vanleg jordbruksproduksjon, jf forskrift om produksjons og avløysartilskot § 2. For å oppfylle kravet om å drive normal jordbruksproduksjon, må produksjonen ha eit næringsmessig preg. Leveransane frå produksjonen skal stå i samsvar med tal dyr eller storleiken på arealet det vert søkt tilskot for.

Føretaket har ikkje slakta lam dei siste 2 åra ifylgje slaktedatabasen. Kommunen har gjort gjentekne freistnader på å koma i kontakt med føretaket utan å lukkast, for å eventuelt å oppklara tilhøvet. Utifrå dei opplysningane me har kan me ikkje godkjenna søyene som produksjonsdyr, då det ikkje har vore levert slakt. Produksjonen manglar difor næringsmessig preg jf. forskrifta.

Grunngjeving avkorting:

Skriv inn begrunnelsen for avkorting. Begrunnelsen vises i vedtaksbrevet. *

I forbindelse med risikobasert kontroll av foretaket sin søknad, 01.11.19, ble godkjente arealer med fulldyrket jord på gnr. 16, bnr 7, redusert med 5 daa, fra 12 til 7 daa. På samme måte ble godkjente arealer med innmarksbeite på gnr. 16, bnr. 2, redusert med 3 daa, fra 26 daa til 23 daa. Grunnen er at disse arealene er brukt som riggområde/lagringsplass ved utbygging småkraftverk, og kunne således ikke nyttes til jordbruksproduksjon.

I følge forskriften om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 12, kan det gjøres avkorting i produksjonstilskuddet når feil opplysninger ville ført til et **større tilskudd** enn hva godkjent areal vil gi. Ett annet krav er at søker må ha gitt feilopplysningen **"uaktsomt eller forsettlig"**, det vil si visste eller burde visst at opplysningen var feil, med uriktig utbetaling som resultat. Derimot kan tilskuddet ikke avkortes, dersom søker var i aktsom god tro (ikke visste eller burde at opplysningene var feil).

Søker oppfattet at alt disponibelt areal i kode 210 (fulldyrket eng) og kode 212 (innmarksbeite) skulle oppgis i i søknaden, og på den måten ikke nok oppmerksom på at arealene må nyttes til aktiv drift/produksjon i søknadsåret. Saksbehandler kan forstå denne misforståelsen, men mener at veilederen til søknaden om PT og søknadsskjemaet, gir tilstrekkelige opplysninger om hva som er gjeldende. Feilen blir derfor vurdert som **«simpler uaktsom»**, og rundskrivet til PT-forskriften sier at det er grunnlag for å avkorte arealtilskuddet i slike tilfelle. Hovedregelen er at det skal avkortes et beløp tilsvarende mer-utbetalingen, men at saksbehandler må vurdere hva som er rimelig eller forholdsmessig. Det blir derfor ikke lagt opp til avkorting for innmarksbeite, siden dette arealet var i bruk som beite en periode i vår.

Avkortninga blir knyttet til 5 daa med kulturlandskapstilskudd og arealtilskudd i sone 5 B ut fra foreløpige satser i Jordbruksavtalen 2019-2020:

- Kulturlandskapstilskudd: kr 166/ daa x 5 daa fulldyrka jord = kr 830,-
- Arealtilskudd: kr 318/daa x 5 daa = kr 1 590,-
- SUM AVKORTING = kr 2 420,-
- Arealtilst: For det fulldyrka arealet, blir avkortningen lik tilskuddssatsen per daa (kr. x det e



Kommentarfelt, ikkje synleg for søkjar:

Sakshandsamar har endra arealtala for overflatedyrka eng og innmarksbeite i søknaden, frå 5 daa med overflatedyrka eng og 16 daa med innmarksbeite, til høvesvis 9 og 12 daa for gbnr. ?/?. Dette er gjort med bakgrunn i registrerte markslag på NIBIO sitt gardskart. Orsaka til endringa er at arealbruken ligg til grunn for føringa i søknaden, og ikkje areatilstanden. Overflatedyrka jord som er beite, og ikkje slått, er ført som innmarksbeite, jamfør forklaringa under feltet for "kommentarer fra søker"

Mogeleg avkorting i tilskotet er vurdert etter § 12 i PT forskrifta:

Sakshandsamar vurderer at feil opplysingar om arealtal i søknaden, ikkje er gjort med forset, Søkjar sin informasjon om bakgrunnen for føringane gjev grunnlag for korrekt handsaming av søknaden. I følgje Rundskriv 2021-5 talar dette for at søker ikkje har gjeve feil opplysingar som ville danna grunnlag for urettmessig utbetaling av tilskot. Dette er eit vilkår for å kunne gjennomføre avkorting.

I følgje Rundskriv 2021-6, kan kommunen omklassifisere areal i søknaden innanfor den same vekstgruppa, og kun til ein kode som har lik eller lågare tilskotssats. I Jordbruksavtalen for 2021 ar overflatedyrka eng og innmarksbeite lik tilskotsats (sone 5; kr 285,-/daa). Dette gjer at omklassifisering av 4 daa, frå innmarksbeite til overflatedyrka jord, ikkje gjev høgare tilskotssats.

På bakgrunn av argumentasjonen ovanfor, finn sakshandsamar ikkje grunnlag for å avkorte arealtilskotet grunna feil fordeling mellom overflatedyrka eng og innmarksbeite i søknaden.

Grunngjeving vanleg jordbruksproduksjon, godkjent:

Foretaket ble plukket ut til risikobasert kontroll med bakgrunn i varselmeldingen om lav avdrått per melkeku. Avdråttet ble beregnet fra 01.03.21 og 12 måneder tilbake i tid. Det forklarer det lave avdråttet da foretaket startet opp med leveranse av melk i oktober 2020.

xx kommune vurderer derfor at foretaket driver med vanlig jordbruksproduksjon og etterfølger de krav som er satt i jordbruksavtalen. Søknad om tilskudd til melkekyr kode 120 innvilges.